

Andreas Hundvin
Audenbølveien 3
1408 KRÅKSTAD

Referanser:
Dykkar:
Vår: 22/8027 - 23/6516

Saksbehandlar:
Einar Aase
einar.aase@alver.kommune.no

Dato:
25.01.2023

Vi treng fleire opplysningar før vi kan handsame søknaden - gbnr 56/17 Hundvin

Tiltak: ny tilkomstveg
Byggjestad: Gbnr: 56/17
Tiltakshavar: Andreas Hundvin
Ansvarleg søker: Andreas Hundvin

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad .

Vi trenger meir dokumentasjon i saka

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Søknad er søknadspliktig etter pbl. §20-1 jf. §20-3. Dette inneber at det er krav om å bruke ansvarleg føretak jf. pbl. §23-1.

Søknad må supplerast med signert ansvarserklæring som dekkjar søknad, utførande og prosjekterande. Søknad må supplerast med utfylt gjennomføringsplan.
2. Viser til vedlagt uttale frå Statens vegvesen. Det er her blant anna vist til at dei ber om vurdering av om det er mogeleg å lokalisere ny vegtrasé vest for omsynssona til postvegen.

Ber om tilbakemelding på denne uttala. Ser at plassering er kommentert ved innsendt søknad. Ettersom dette er presisert i uttale, bør denne jamvel kommenterast, uavhengig av om dette inneber å vise til informasjon i opphavleg søknad.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan **28.02.2023**. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningsane som ligg i søknaden.

GENERELL INFORMASJON

Alver kommune

Postboks 4, 5906 Frekhaug
Innbyggjarservice: +47 56 37 50 00

post@alver.kommune.no
www.alver.kommune.no

Kontonummer: 3207 29 30559
Organisasjonsnummer: 920 290 922

Det er ditt ansvar å levere en komplett søknad

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søker om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forsenkingar i saksgangen.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltingsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Plan og bygesak

Are Frøysland Grande
Avdelingsleiar

Einar Aase
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Uttale til søknadspliktig tiltak - ny tilkomstveg - gbnr 56/17 Hundvin - Alver kommune

Mottakarar:

Andreas Hundvin

Audenbølveien 3

1408 KRÅKSTAD